

Referat frå møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.



VERDSARV
Vestnorsk fjordlandskap

Møtestad: Hordaland fylkeskommune, Agnes Mowinckels gt. 5, Bergen.

Tidspunkt: Tysdag 29. mars, kl. 11.30 – 18.00.
Onsdag 30. mars, kl. 09.00 – 15.00.

Medlemar til stades:

Voss kommune v/ ordførar Hans Erik Ringkjøb.
Aurland kommune v/ordførar Noralv Distad.
Vik kommune v/ ordførar Olav Turvoll.
Lærdal kommune v/ ordførar Jan Geir Solheim.
Stranda kommune v/ ordførar Jan Ove Tryggestad.
Norddal kommune v/ ordførar Arne Sandnes.

Møre og Romsdal fylkeskommune v/ Willy Loftheim.
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Tom Dybwad.
Fylkesmannen i Hordaland v/ Kjell Kvingedal.
Sogn og Fjordane fylkeskommune.
v/ fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
v/ Geir Moen.

Bisitjarar:

Magnhild Aspevik, Lærdal kommune.
Inge Bjørdal, Stranda kommune.
Arlen S. Bidne, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
Gunnar Bergo, Voss kommune.
Odd Rune Turvoll, Vik kommune.
David Aasen Sandved, Hordaland fylkeskommune.

Observatørar:

Kjell Hansen, SNO Geiranger.
Anbjørg Nornes, VOF Nærøyfjorden.
Ingvild Hansen Nystad, VOF Geirangerfjorden.
Gaute Sønstebo, Miljødirektoratet.
Trond Taugbøl, Riksantikvaren.

Forfall:

Hordaland fylkeskommune
v/ Anne Beth Njærheim.
Kristoffer Ullern Hansen, SNO Aurland.

Andre:

Ivar Bjarne Underdal, Verdsarvparcken.
Hanne Lykkja, Verdsarvparcken.
John Bryde, Norges Verdensarv
Gøran Johansen, Aurland Naturverkstad
Christoffer Knagenhjelm, Aurland Naturverkstad.
Knut Bjørn Stokke, NMBU.
Petter Dybedal, TØI.

Sekretariat

Erling Oppheim.
Katrin Blomvik.

Tysdag 29. mars:

Tema: Workshop Besøksforvaltning.

Syner til eigen oppsummering / referat utarbeidd av prosjektleiing/ forskarteam.

Onsdag 30. mars: Møte i Verdsarvrådet.

Tema: Forvaltning av verdsarvfjordane.

Innleiing:

Hordland fylkeskommune ved David Aasen Sandved ynskte møtelyden velkomen til Bergen og Hordaland fylkeskommune. Orienterte samstundes kort om fylkeskommunen sitt arbeid og satsingar på kulturområdet. Held vidare fram møta i Verdsarvrådet som eit viktig fora for samhandling og utvikling av Verdsarven.

Leiar Hans Erik Ringkjøb takka Hordaland fylkeskommune for å vere vertskap for møtet og opna deretter Verdsarvrådet som hadde fylgjande sakliste:

VF 01/16 Innkalling, sakliste og møtereferat.

Ingen merknader.

VF 02/16 Orienteringar og meldingar.

- The Fjords si spenstige satsing på miljøvenlege fartøy på verdsarvfjordane .**
Dagleg leiar Rolf Sandvik orienterte om selskapet si satsing på det nye hybridfartøyet som no har fått namnet ”*Vision of the Fjords*”. Syner elles til eigen PPT.
- Barrierer og muligheter med maritim miljøteknologi .**
Presentasjon og innlegg ved maritim rådgjevar Nils Aadland hjå NCE Maritime Cleantech. Syner til eigen PPT.

Kommentarar frå møtelyden:

Verdsarvrådet må reise miljøfana. Vi må legge premissane for ei miljøvenleg og heilskepeleg utvikling som vert gjeldande for heile Vestlandet. Må vere modige – tore å bruke teknologien.

3. Framlegg til felles cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020.

Prosjektleiar Trond Amland orienterte om status og vidare framdrift arbeidet – sjå eigen PPT. Framlegget er sendt på høyring med 2. mai som frist for evt. merknader og innspel.

Merknad frå møtelyden:

Leiar/ nestleiar av Verdsarvrådet og sekretariat fremjar ein uttale frå Vestnorsk fjordlandskap til felles cruisestrategi for Vestlandsregionen.

4. Grøn Fjord konferansen 2016 .

Katrin Blomvik orienterte kort om programmet og gjennomføringa av konferansen. Fått mange gode tilbakemeldingar om at dette er ein viktig og nyttig konferanse. Trekte ma. fram presentasjonane og innlegga frå Zermatt i Sveits, New Zealand og Stokkøya (*Bygda 2.0*) i Sør-Trøndelag som svært relevante døme på aktivt satsting på berekraftig utvikling.

5. Twinning - samarbeidet med Glacier Bay, Alaska.

Leiar Hans Erik Ringkjøb orienterte. Vestnorsk fjordlandskap reiser over til Glacier Bay i slutten av juni då. år med ein delegasjon på til saman 9 personar. Gruppa repr. verdsarvstiftingane, verneområdeforvaltninga og hamnevesen. I tillegg deltek ein repr. for Sjøfartsdirektoratet. Både reisa og program er i prosess; dele kunnskap og røynsler står sentralt i denne fasen av samarbeidet.

6. Mulighetsstudie Stalheim, Voss.

Ordførar Hans Erik Ringkjøb orienterte. Stalheim er ein unik stad og innfallspunkt til verdsarven. Godt utgangspunkt for flotte opplevingar og aktivitetar. Stalheim Hotel er samstundes det største hotellet på Voss. Voss kommune vil i samarbeid med eigarane av Stalheim Hotel, og med støtte frå Hordaland fylkeskommune, no gjennomføre ein studie for å finne ut/ få synleggjort kva som er mulig å få til med tanke på framtidig utvikling av hotell og området ikring.

7. Urvalmua i Bleiaområdet,

Tom Dybwad hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane orienterte om ordskifte som no føregår kring spørsmålet: *”Er urvalmuen ein eigen art, eller er «alle» valmuer i fjellet «Fjellvalmue»?”*. Førebels ingen endeleg konklusjon. Sjå elles eigen PPT.

8. Korte orienteringar ved:

- Anbjørg Nornes, verneområdeforvaltar Nærøyfjorden:
 - Nytt verneområdestyre er på plass.
 - Oversyn over fordeling av forvaltningsmidlar 2016.
- Geir Moen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal:
 - Ny verneområdeforvaltar er tilsett.
 - Om reguleringsplanarbeidet i Geiranger.
- Hans Erik Ringkjøb, Voss kommune:
 - Om nyevegen til Jordalen. Snart klar, opning før sommaren.
 - Viktig for bygda, viktig for verdsarven. Tunnellen ikkje mulig å realisere utan samarbeid med kraftutbyggingsprosjektet.
- Erling Oppheim, Verdsarvsekr:
 - KLD og LMD har sendt på høyring framlegg til ny forskrift om tilskot til utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vega.
 - Uttale vert fremja frå Verdsarvrådet ved leiing/ sekretariatet.

9. Norsk Verdensarvforum 2016.

Vert arrangert i tida 9. til 11. mai med Rjukan - Notodden som møtestadar.

Førebels tema dette året vil vere:

- *Verdensarvområdenes buffersoner og oppsluttende verdier.*
- *Verdensarvsentere og lokalt engasjement.*
-

10. Nordisk Verdensarvkonferanse 2016.

Vert arrangert på Island i tida 21. – 23. september.

Verdsarvrådet tok orienteringane til vitande.

VF 03/16 Forvaltning av Verdsarvfjordane.

Det låg føre kort saksutgreiing frå sekretariatet med fylgjande:

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er svært uroleg for utviklinga på verdsarvfjordane. Stadig auka aktivitet og ferdsle frå både mjuke og harde trafikantar tilseier ei medviten og heilskapeleg forvaltning som i større grad:

- *Set fokus på og fremjar ei klima- og miljøvenleg utvikling i samsvar med verdsarvstatusen.*
- *Tek omsyn til og ivaretek utviklinga til grendene ved fjorden*
- *Fremjar gjestene si kvalitative oppleving av verdsarven.*
- *Sikrar grunnlaget for langsiktig verdiskaping.*

Med tilvising til Verdsarvrådet si semje og oppmoding i sak 18/15 ber vi om at KLD snarleg tek stilling til førespurnaden frå Vestnorsk fjordlandskap.

Handsaming:

Leiar Hans Erik Ringkjøb innleia til drøfting. Synte til samtalen og drøftingane med statssekretæren under Grøn Fjord konferansen i Geiranger. Viktig å halde oppe framdrifta i initiativet som Verdsarvrådet fremja for Sjøfartsdirektoratet og KLD rett før jul. Noralv Distad held fram at trafikken på verdsarvfjordane er utg. punkt for stor næringsverksemd i regionen. Dette aspektet må vere med. Distad fremja etter dette eit nytt framlegg til semje.

Verdsarvrådet samla seg etter ei tid med drøftingar om fylgjande:

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet er stolt over Vestnorsk fjordlandskap og ynskjer at dette skal vere tilgjengeleg på ein berekraftig måte. Verdsarvrådet ynskjer difor ei medviten og heilskapeleg forvaltning som:

- *Set fokus på og fremjar ei klima- og miljøvenleg utvikling i samsvar med verdsarvstatusen.*
- *Tek omsyn til og ivaretek utviklinga til grendene ved fjorden.*
- *Fremjar gjestene si kvalitative oppleving av verdsarven.*
- *Sikrar grunnlaget for langsiktig verdiskaping.*
- *Ikkje reduserer passasjerkapasiteten.*
- *Fremjar heilårsreiseliv.*

Med tilvising til dette ber Verdsarvrådet om møte med KLD og Næringsdepartementet.

VF 04/16 Kartlegging av handlingsrommet med omsyn til miljøbelastningane på Verdsarvfjordane.

Det låg føre ei kort sakturgreining frå sekretariatet. I tillegg presenterte prosjektleiar Ivar Bjarne Underdal ei førebels kartlegging av kva gjeldande regelverk opnar for i høve til å setje vilkår eller krav som fremjar ein meir miljøvenleg aktivitet og utvikling på verdsarvfjordane.

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap vil sterkt oppmode hamnestyra, kommunane og samferdsleutvala med mynde i og ansvar for verdsarvfjordane om å nytte handlingsrommet i eksisterande regelverk til fordel for ei miljøvenleg og berekraftig utvikling på og ved verdsarvfjordane.

Handsaming:

Verdsarvrådet samla seg etter ei tid med drøftingar om fylgjande

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap vil sterkt oppmode hamnestyra, kommunane og samferdsleutvala hjå fylkeskommunane med mynde i og ansvar for verdsarvfjordane om å nytte handlingsrommet i eksisterande regelverk til å ta miljøomsyn til fordel for ei miljøvenleg og berekraftig utvikling på og ved verdsarvfjordane.

VF 05/16 Besøksforvaltning og lokal samfunnsutvikling.

Prosjektleiing og forskarane presanerte ei kort oppsummering frå workshopen dagen før – jfr. eigen PPT.

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

Vert lagt fram i møtet.

Handsaming:

Ordsките i møtelyden kring kva type plan dette skal vere? Kva retning skal dette gå? Kva plan treng vi? Nokre meinte at type planverktøy vil vere avhengig av tiltak. Andre hevda det enno er for tidlig å ta stilling til type planverktøy. Uansett viktig å sikre involvering og deltaking. Planansvarlege i kommunane må trekkjast aktivt med i prosessen. Verdsarvrådet samla seg etter ei tid med drøftingar om fylgjande:

Semje i Verdsarvrådet:

FoU-prosjektet ”Besøkforvaltning og lokal samfunnsutvikling” held fram i samsvar med fastsett prosjektplan.

VF 06/16 Etablering av det nordiske verdsarvnettverket som eigen organisasjon.

Dokument utsendt ved innkalling:

- *Saksutreiing og framlegg til vedtak for styret i Norges Verdensarv.*
- *Framlegg til vedtekter.*

Dagleg leiari John Bryde, Norges Verdensarv, og styremedlem Katrin Blomvik orienterte og innleia til drøfting.

Framlegg til semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap vil tilrå at Norges Verdensarv sender saka om etablering ein eigen organisasjon for det nordiske verdsarvnettverket på høyring til dei norske verdsarvstadane før endeleg avgjerd.

Verdsarvrådet samla seg etter ei tid med drøftingar om fylgjande:

Semje i Verdsarvrådet:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap vil tilrå at Norges Verdensarv sender saka om etablering av ein eigen organisasjon for det nordiske verdsarvnettverket på høyring til dei norske verdsarvstadane før endeleg avgjerd.

VF 07/16 Ymse

Ingen saker fremja under dette punktet.